



Statens vegvesen

Fjeldstad & Sandvik Tømrer Team AS
Sagsadsvegen 155
5918 FREKHAUG

Runar Fjeldstad

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/270403-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.12.2018

Merknad – Nabovarsel – Fv. 391 – Gnr. 195 bnr. 171 – Ny einebustad – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til nabovarsel mottatt 11.12.2018.

Varselet gjeld oppføring av ny einebustad i samsvar med reguleringsplan *Fløsvika (2016)*. Reguleringsplanen heimlar ein rett til å nytte avkøyrsla frå offentleg veg. Før avkøyrsla vert tatt i ny bruk må ho utbetrast i samsvar med dei krava som kjem fram av reguleringsplanen, veglova § 43 og krav i *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrslar frå offentleg veg*.

Vi har ikkje vore på synfaring i denne saka, men har vurdert avkøyrsla ut i frå flyfoto og vegbileter. Vi ser at sikta i avkøyrsla sannsynlegvis er redusert med bakgrunn i høg vegetasjon og eit postkassestativ som er oppført retning høgre i avkøyrsla. Andre krav som vert stilt ved opparbeiding av avkøyrsla er svingradius, helling frå fylkesveg og drenering under avkøyrsla.

Vi vil rå til at avkøyrsla vert utbetra før det vert søkt om nye tiltak. Dersom det likevel vert søkt om nye tiltak må kommunen stille som vilkår i rammeløvet at avkøyrsla skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjeve løyve til igangsetjing av nye tiltak.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål!

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ